

## Sjøtroll Havbruk AS – Vurdering av verknad av om tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn

KU-forskrifta §10 om plan eller eit tiltak kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn bokstavane a–h.

I vurderinga av om planen eller tiltaket kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn, og følgjeleg skal konsekvensutgreiast, skal det sjåast hen til verknadane sin intensitet og kompleksitet, sannsynlegheit for at verknaden inntreff og når dei inntreff, varigheit, hyppigheit og moglegheit for å reversera eller avgrensa dei, om verknadane strekkjer seg over landegrensene, samt samla verknader av forslaget til plan eller tiltak og andre eksisterande, godkjende eller planlagde planar eller tiltak.

- a) Sjøtroll Havbruk (SH) har undersøkt Osterøy kommune sin arealdel og føresegner til kommuneplanen. I tillegg har vi vært i kontakt med kommunen om søknaden er i tråd med planområde, dette er stadfesta frå kommunen sin side og visa i vedlegg 6.3.3 til søknaden.
- b) SH kan ikkje sjå at tiltaket aukar påverknad på naturressursar, som areal, jord, mineral, vatn eller biologiske ressursar. Produksjonen vert uendra og skifte frå kompakt stålanlegg til ringar i ramefortøyning.
- c) Det er ikkje mykje avfall som kjem frå ein slik produksjon, da det ikkje er emballasje på føret ein nå mottar. Ein har også avtale med SIM, slik at alt avfall vert frakta til Beinskroken og sortert i ulike kategoriar, også spesialavfall. SH meiner derfor at dette punktet ikkje løyser ut ein KU. Vi søkjer om å nytta eit større areal og skifte ut anleggsmidlar til ringar i ramefortøyning med oppsamling av organiske partiklar. Vi meiner at dette fører til større spreingsareal og samtidig redusera utslepp av organiske partiklar til kringliggjande miljø og det totale utsleppet i Sørfjorden vert redusert. Dei organiske partiklane som vert samla opp, går inn på tanke på flåten og vert transportert til godkjent mottakar. Det som blir samla opp nå, vert henta med båt og levert til RagnSells, som nyttar dette til biogass.
- d) Det er vanskeleg for SH å sjå at denne endringa skal løysa ut KU for denne bokstaven. Det er utarbeidd ein dokumentert internkontroll som inneber prosedyrar for alle arbeidsoperasjonar på lokalitetane og her tar ein også hand om HMS. Ein har også anleggssertifikat som skal sikra at lokaliteten føl NYTEK og NS-9415 og dermed minimera faren for havari/rømning.

Lokalisering og påverknad på omgjevnad omfattar ei vurdering av om planen eller tiltaket kan medføra eller koma i konflikt med:

- a) Lokaliteten ligger i godkjent AK-område i Osterøy kommune sin arealdel til kommuneplanen og SH reknar med at denne bokstav er vurdert før godkjenning av areal til AK-føremål. Klarert AK-område ligg om lag 6,5 km frå Yttergrensa til Nasjonal laksefjord i Sørfjorden. I tillegg er det kun oppdrett av regnbogeure på denne lokaliteten. Ut frå det vi har opparbeid oss av kunnskap, så ser vi ikkje at

### SJØTROLL HAVBRUK

regnbogeaturen vil kunna utkonkurera laksen i dei store vassdraga innafor den Nasjonale laksefjorden. Normalt er det mykje ferskvatn i Sørfjorden, slik at dette redusera påslag av lakselus i desse områda. I tillegg er lokaliteten tom for fisk annakvart år i den perioden laksesmoltten vandra ut frå elvane. Når det gjelder påverknad på botndyr og naturmangfald her, så planlegg vi produksjonen med oppsamling av organiske partiklar samtidig som produksjonen skjer på eit større areal. I sum meina vi derfor at denne endringa vil redusera påverknaden til omkringliggjande miljø ved lokalitet Skaftå. SH meina derfor at denne endringa ikkje vil auka påverknaden etter bokstav a.

- b) Her ligg eit godkjent AK-område i dag og ved å endra noverande lokalitet og flytta denne lengre ut frå land, der det er færre bustader, vil etter vår meining redusera påverknaden frå lokaliteten etter bokstav b.
- c) SH kan ikkje sjå at ein endring av lokalitet Skaftå vil påverka føresegnene etter denne bokstav, all den tid vi føl den godkjende arealplanen til Osterøy kommune i utforminga på lokaliteten.
- d) Området er avsett til akvakultur i sjø og vil dermed ikkje påverka føresegnene etter bokstav d.
- e) Lokaliteten vil ikkje få eit auka utslepp av organiske partiklar ved å flytte produksjonen lengre ut på fjorden med oppsamling. Med denne endringa forventar SH at utslepp og påverknad etter bokstav e) vert redusert, samanlikna med noverande produksjon. SH meina derfor at søknaden ikkje løyse ut ein KUY etter bokstav e).
- f) SH forventar ikkje at ein slik endring av produksjon på lokalitet Skaftå, vil påverka befolkninga si helse etter bokstav f.
- g) Produksjonen vert flytta frå ein nærliggjande lokalitet, slik at det vert ikkje ei auka forureining eller klimagassutslepp i regionen (PO4).
- h) Ingen punkt lista opp her vil verta påverka ved ein auke i produksjonen på lokalitet Skaftå.

Bekkjarvik 09.12.2021